



## **Strilabiblioteket**

BIBLIOTEKA I LINDÅS OG MELAND

Knarvik, 30. mars 2016

**Hordaland fylkeskommune**  
ved /fylkesbiblioteksjef Ruth Ørnholst  
Agnes Mowinckels gate 5  
5008 BERGEN

### **Invitasjon til opninga av Strilabiblioteket**

Lindås og Meland bibliotek takkar for støtta til utvikling av modellbibliotek, og har glede av å invitere fylkeskommunen til opninga av samarbeidsbiblioteket, som har fått namnet Strilabiblioteket, 14 april. Det vert paralleloppning på Meland bibliotek, Frekhaug og Lindås bibliotek, Knarvik via Skype.

#### **Program:**

- 11.45: Kort lokal informasjon om Strilabiblioteket
- 11.55: Fellesopning via Skype /helsing frå Hordaland fylke /opning ved ordførar Øyvind H. Oddekalv, Meland kommune og varaordførar Nina Bognøy Lindås kommune
- 12.10: Fanfare / ved kulturskulerektor Arild Nielsen
- 12.15: Frekhaug: Tryllekunstnar Andini
- 12.15: Knarvik: Vilvite-show
- 12.30: Knarvik: Opning av verkstaden med eksperiment som alle kan prøve.  
Enkel servering.

#### **Litt om Strilabiblioteket**

Utgangspunktet for prosjektet var å utvikle eit alternativ til hovudbibliotek/filial-struktur ved ein eventuell samanslåing av kommunane. Den nye bibliotekstrukturen skulle fungere like godt om kommunegrensene vart endra eller ikkje.

Målet for prosjektet er å betre kvaliteten på bibliotekstilbodet i Lindås og Meland gjennom å lage to spesialiserte bibliotek som til saman utgjer eit heile og å utvide opningstida ved å opprette meiropne bibliotek. Samstundes skal biblioteka vidareutviklast til å bli uavhengige og attraktive møteplassar for offentleg samtale og debatt.

I den første delen av prosjektet fram til opninga har vi prioritert arbeidet med å tilrettelegge lokala og samlingane, i den siste delen vil vi vektlegge samlingsutvikling, personalsamarbeid og vidareføring av biblioteket som gode og mykje brukte møteplassar, med arrangement som stimulerer til vidare samtalar og aktivitet.

Opninga av Strilabiblioteket markerer ei viktig milestolpe i prosjektet, og vi håpar at de har høve til å delta 14. april. Vel møtt!

Beste helsing

Marit Gro Berge

Bente Bing Kleiva

